



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 09.12.2014

Sak nr.: 14/7024-8

Internt l.nr.: 39942/14

Sak: 44/14

Tittel: Avvikling av bokbåtenesta i Sogn og Fjordane

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Bokbåtenesta i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.

Endringsframlegg:

Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane held fram samarbeidet om bokbåten med Hordaland og Møre og Romsdal.
2. Finansiering av bokbåten i 2015 skjer gjennom at det blir sett av 1,3 mill kr frå auka tapskompensasjon til Sogn og Fjordane fylkeskommune i statsbudsjettforliket mellom V/Krf og regjeringspartia. Vidare finansiering etter 2015 vert å kome attende til i økonomiplan 2016-18.

Avrøysting:

Framlegget frå Venstre fekk 4 røyster og var dermed forkasta.

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 36 røyster og var dermed vedteken. 3 røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Bokbåtenesta i Sogn og Fjordane vert avvikla f.o.m. 01.09.2015.
2. Boksamlinga som vert nytta til utlån på bokbåten, vert tilbydd lokale folkebibliotek.